



**Hyllerstad**  
kommune

# Trafikktryggingssplan

Temaplan for perioden 2022 – 2030

Vedteken i kommunestyre 21/082



**INNHALD:**

Føreord..... 2

    Bakgrunn..... 2

    Vurderingar..... 2

    Organisering og framdrift av planarbeidet..... 2

Mål og strategiar..... 3

Organisering av trafikktryggingsarbeidet ..... 3

    Modell..... 4

    Samarbeidspartnarar ..... 4

Nasjonale og regionale føringar i trafikktryggingsarbeidet ..... 4

Kommunale strategiar/tiltak..... 4

Vedlegg 1 – Handlingsplan 2022 – 2025 ..... 5

    Førebyggjande tiltak ..... 5

    Fysiske tiltak kommunale vegar ..... 5

    Fysiske tiltak fylkeskommunale vegar ..... 5

Vedlegg 2 – Komplett liste over tiltak, oppdatert nov. 2021..... 6



## Føreord

Planen gjeld for vegnettet i heile kommunen og omfattar fysiske tiltak, samt tiltak knytt til opplæring og informasjon. Målet er systematisk trafikktryggingsarbeid.

Dokumentet er bygd opp etter høyringar og innhenta bakgrunnsinformasjon frå m.a. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Statens vegvesen og Trygg trafikk. Planen byggjer elles på tidlegare arbeid med trafikktryggingsplanen frå 2011-2015.

Drift og vedlikehaldsavdelinga i Hyllestad kommune har også vore viktig samtalepart. Etter høyringsrunden vil innspel frå ulike partar bli vurderte tekne inn i plandokumentet før politisk handsaming.

Planen har status som temaplan.

Planoppstart med planskisse vart godtkjent 13.6.2019.

Planen skal erstatte planen for 2011-2015.

Planen skal slutthandsamast av kommunestyret.

## BAKGRUNN

Den eksisterande trafikktryggingsplanen vart vedteken i 2012 med virkeområde fram til 2015. Kommunen har i noko grad nytta denne planen som grunnlag for prioritering av trafikktryggingstiltak dei siste 6 åra.

Frå 2001 har det vore ein føresetnad for tildeling av trafikktryggingsmidlar at det føreligg slik plan. Det er no trong for å lage ein ny plan då den gamle er gått ut på dato med omsyn til m.a. endringar i busetnad og trafikkmønster.

## VURDERINGAR

For å lukkast med ein slik plan vil nøkkelorda vere:

- ei forankring på høgt politisk nivå i kommunen
- organiseringa av arbeidet i ein planprosess som gjev tverrsektoriell medverknad og eigarskap
- planen vert utarbeidd som ein temaplan, men ein vil i noko grad følge Plan og Bygningslova sine føringar i arbeidet.

Som verkemiddel i det kommunale trafikktryggingsarbeidet kan nemnast:

- fysiske tiltak på kommunale vegar
- fysiske tiltak på fylkesvegar
- førebyggjande arbeid knytt til m.a. barnehage og skule

## ORGANISERING OG FRAMDRIFT AV PLANARBEIDET

Styringsgruppe: Formannskapet



Referansegruppe/høyring:

- rep. frå Hyllestad skule
- rep. frå Hyllestad barnehage
- rep. frå Hyllestad Næringsråd/samferdselsgruppa
- rep. frå Ungdomsrådet
- rep. frå plan/utvikling/Hyllestad kommune
- rep. frå eldrerådet
- rep. frå politirådet

#### *Framdrift*

- avtale om kjøp av planteneste – mai 2019
- registrering av grunnlagsdata, synfaringar – innan ultimo juli 2019
- utarbeiding av rapport m/innspel til tiltak – innan medio aug. 2019
- høyring av planutkastet
- ferdigstilling/vedtak

## Mål og strategiar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedtok i desember 2017 ny handlingsplan for trafikktryggleik for 2018-2021. Fylkeskommunen har etter lovverket eit ansvar for å tilrå og koordinere tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket.

Den overordna visjonen i handlingsplanen til Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2018 - 2021 er:

### **0 DREPNE OG 0 ALVORLEG SKADDE I TRAFIKKEN**

I trafikktryggingsplanen til Hyllestad kommune så er «**Trafikksikker kommune**» vårt satsingsområde. Målet er at Hyllestad vert godkjent som ein slik kommune av Trygg Trafikk. Dette føreset eit systematisk trafikktryggingsarbeid i samsvar med kriteriane som er utarbeidd for kommunen sentralt og kvar enkelt sektor.

Arbeidet er omfattande og det vil ta tid før naudsynt dokumentasjon er på plass. Det er realistisk at godkjenninga kan skje i siste del av handlingsplanen for 2022 – 2025.

Kriterier og rettleiar ligg på [www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no)

## Organisering av trafikktryggingsarbeidet

Tradisjonelt har ansvaret for utarbeiding av kommunen sin trafikktryggleiksplan lagt til Plan- og utvikling. Denne planen er i hovudsak utarbeidd ved kjøp av konsulenttenester pga. kapasitetsutfordring internt.


Trafikktryggingsarbeidet i Hyllestad kommune vert med denne planen forankra hjå kommunedirektøren. Dette for m.a. for å gjere det tydeleg at alle kommunen sine sektorar må ta



sin del av det naturlege ansvaret.

Det er heilt avgjerande i målet om å bli trafikk sikker kommune, at det enkelte tenesteområde syter for at eigne kriterie/tiltak vert oppfylt/gjennomført.

## MODELL



## SAMARBEIDSPARTNARAR

Trygg Trafikk blir ein viktig samarbeidspartnar, saman med Statens vegvesen, politi, NAF, Vestland Fylkeskommune, Firda Billag m.fl.

## Nasjonale og regionale føringar i trafikktryggingsarbeidet

[Nasjonal transportplan 2022 – 2031](#) har med m.a. satsing på barnas transportplan, trygg skuleveg og bilfrie hjartesoner.

[Regional transportplan 2022 – 2033](#), planen har m.a. eigen strategi for mjuke trafikkantar og det er eit mål at 80 % av skuleelevane skal kunne gå eller sykle til skulen. I Hyllestad brukar 80 % av elevane skuleskyss.

Dei overordna planane med konkrete satsingsområde må vektleggast gjennom dei årlege rulleringane av tiltak i denne planen.

## Kommunale strategiar/tiltak

Kommunen sin hovudstrategi er å gjennomføre tiltaka som er naudsynte for å bli ein trafikk sikker kommune. I dette så ligg tiltak nr. 36, 37, 38, 41, 42, 43, 45 (sjå vedlegg 2: komplett liste over tiltak).

Ein annan viktig strategi, eller tiltak- er at kommunen inviterer til årleg trafikktryggingsmøte mellom aktørar som Vestland fylkeskommune, Trygg Trafikk, Politi, Firda Billag m.fl. (tiltak nr. 35 i vedlegg 1 og 2).

Ein tredje strategi er at prioriterte tiltak vert rapportert til politisk utval ved Plan og Samfunn, og at nye tiltak vert rullert inn i i 4 årig handlingsplan.



## Vedlegg 1 – Handlingsplan 2022 – 2025

### FØREBYGGANDE TILTAK – PRIORITERT LISTE (OPPDATERT ETTER KST VEDTAK 21/082)

| Pri | Nr. | Veg | Stad | Tiltak og innspel etter høyring (f.o.m. nr. 48)   |
|-----|-----|-----|------|---|
| 1   | 35  |     |      | Årleg trafikktryggingsmøte mellom fylkeskommune, trafikk-selskap (td. Firda), politi og Hyllestad kommune.    |
| 1   | 36  |     |      | Årleg kampanje/informasjon til foreldre om transport av mindreårige i bil.                                    |
| 1   | 37  |     |      | Følgje med barnehageborn og 6-åringar på buss den første skuleveka i året. Rett bruk av m.a. bilbelte i buss. |
| 1   | 38  |     |      | Ha plan for avviklinga av trafikk ved Hyllestad skule.  |
| 1   | 39  |     |      | Skilting og merking i samsvar med skiltforskrifta ved utføring av kommunalt arbeid på vegane i kommunen.      |
| 1   | 40  |     |      | Gras og skogrydding ved alle på og avstigningspunkt for skuleborn før skulestart.                             |
| 1   | 41  |     |      | Bilfri sone ved skulen i skuletida.   |
| 1   | 42  |     |      | Opplæring i trafikktryggleik på fagplanen i skulen og barnehage.  |
| 1   | 43  |     |      | Utdeling av refleksvest til alle born i barnehage og skule kvar haust.  |
| 1   | 44  |     |      | Skogrydding langs FV/KV (sjå rapport etter synfaring)   |

### FYSISKE TILTAK KOMMUNALE VEGAR – PRIORITERT LISTE

| Pri  | Nr. | Veg   | Stad              | Tiltak og innspel etter høyring (f.o.m. nr. 48)                             |
|------|-----|-------|-------------------|---|
| KV 1 | 19  | KV 57 | Selvika - Berge   | Rekkverk  |
| KV 1 | 21  | KV    | I byggefelt       | Skilting som «Born leikar» og fartsgrense 30 km/t i byggefeltet i kommunen. |
| KV 1 | 28  | KV    | Øvre Tveit        | Rekkverk  |
| KV 1 | 69  | KV 5  | Hyllestad sentrum | Veglys heilt ned til fjæra frå kommunehuset                                 |
| KV 1 | 70  | KV 5  | Hyllestad sentrum | Gangveg heilt ned til fjæra frå kommunehuset                                |
| KV 1 | 72  | KV 8  | Hyllestad sentrum | Gatelys i Svartedalen   |
| KV 2 | 22  | KV 9  | Myklebustlia      | Rekkverk mot eigedomar i Myklebustfeltet.                                   |
| KV 2 | 33  | KV 9  | Myklebustlia      | Veglys  |

### FYSISKE TILTAK FYLKESKOMMUNALE VEGAR – PRIORITERT LISTE

| Pri  | Nr. | Veg     | Stad                       | Tiltak og innspel etter høyring (f.o.m. nr. 48)     |
|------|-----|---------|----------------------------|---|
| FV 1 | 50  | FV 5655 | Salbu                      | Utbetring av Salbusvingen, inkludert gatelys        |
| FV 1 | 52  | FV 5655 | Salbukrysset - Sørbøfeltet | Veglys, treng fleire slik at det blir samanhengande |
| FV 1 | 2   | FV 57   | Bø brua - Utviklingsparken | Veglys  |
| FV 1 | 13  | FV 57   | Løland Bru - Dalsbygda     | Utbetring parti frå Løland Bru til Dalsbygda.       |
| FV 1 | 6   | FV 607  | Heggebø - Bråstad          | Veglys  |
| FV 1 | 10  | FV 607  | Leirvik - Lavik            | Generell utviding og utbetring av vegen.            |
| FV 1 | 59  | FV 607  | Hyllestad sentrum          | Opphøga gangfelt ved SPAR/Inngang Svartedalen       |

|      |    |         |                       |   |
|------|----|---------|-----------------------|---|
| FV 1 | 60 | FV 607  | Hyllestad - Nesvegen  | Veglys  |
| FV 1 | 61 | FV 607  | Hyllestad sentrum     | Opphøga gangfelt ved Myklebustfeltet.   |
| FV 2 | 48 | FV 5650 | Hovland - Risnes      | Sikring av murar på strekninga Hovland-Risnes, Hyllestad - Lireid   |
| FV 2 | 49 | FV 5650 | Hyllestad - Lifjorden | Tiltak for å betre sikt på strekninga Hyllestad - Lifjorden, som til dømes kapping av busker osv. spesielt ved Lireid |
| FV 2 | 65 | FV 5650 | Hyllestad sentrum     | Autovern/sikring på veg ned mot sjøen under den grønne hytta ca 500 meter frå sentrum i retning Lifjorden.            |
| FV 2 | 54 | FV 5655 | Sørbovåg              | Gang og sykkelveg frå Øen Kyrkje og ned til butikken  |

## Vedlegg 2 – Komplette liste over tiltak, oppdatert nov. 2021

| Pri             | Nr.           | Veg           | Stad                         | Tiltak og innspel etter høyring (f.o.m. nr. 48)                            |
|-----------------|---------------|---------------|------------------------------|--|
|                 | 1             | FV 5651       | Furnesvika                   | Utviding av sving sør for Furnesvika, samt rekkverk 140m frå Svoelva.      |
| FV 1            | 2             | FV 57         | Bø brua - Utviklingsparken   | Veglys   |
|                 | 3             | FV 57         | Eidsneset - bygdehus         | Veglys   |
|                 | 4             | FV 5655       | Laberg - Eide                | Smal vegbane, manglar rekkverk. Farleg bakketopp ved Bordvik.              |
|                 | 5             | FV 5651       | Rysjedalsvika - Indrefjorden | Rekkverk fleire stader.  |
| FV 1            | 6             | FV 607        | Heggebø - Bråstad            | Veglys   |
|                 | 7             | FV 5655       | Indre Giil - Sørbovåg        | Redusert fartssone (60 km/t) til vest for bustadfelt Indre Giil.           |
|                 | 8             | FV 5655       | Parkeringsplass Øen kyrkje   | Gangfelt til Eiklund   |
|                 | 9             | FV 5655       | Salbu                        | Utbetring av Salbusvingen.   |
| FV 1            | 10            | FV 607        | Leirvik - Lavik              | Generell utviding og utbetring av vegen.                                   |
|                 | 11            | FV            | Alle                         | Rydding av skog/kantslått for betre sikt.                                  |
|                 | 12            | FV 5654       | Eide- og Aksekryss           | Rekkverk v/Eidekryss og utbetring av kryss ved Akse/Birke-land             |
| FV 1            | 13            | FV 57         | Løland Bru - Dalsbygda       | Utbetring parti frå Løland Bru til Dalsbygda.                              |
|                 | 14            | FV 57         | Avkøyrslø Høstaker           | Siktutbetring ved avkøyrslø til Høstaker.                                  |
|                 | 15            | FV 57         | Ynnestad - Røstenskarkr.     | Passeringslommer frå Ynnestad-Røstenskarkryss                              |
|                 | 16            | FV 57         | Slinde - Bø kyrkje           | Rydding av skog  |
|                 | 17            | FV 57         | Skor                         | Redusert fartssone gjennom Skor.   |
|                 | 18            | KV 27         | Hannalsvegen                 | Veglys på vegen til Handalen frå Leirvik til toppen på Vikadalen           |
| KV 1            | 19            | KV 57         | Selvika - Berge              | Rekkverk   |
|                 | 20            | KV 1          | Nesvegen                     | Veglys   |
| KV 1            | 21            | KV            | I byggefelt                  | Skilting som «Born leikar» og fartsgrense 30 km/t i byggefelta i kommunen. |
| KV 2            | 22            | KV 9          | Myklebustlia                 | Rekkverk mot eigedomar i Myklebustfeltet.                                  |
|                 | 23            | KV            | Bruer                        | Manglande brurekkverk på Hellem, Oldervik og Vasshaugane.                  |
|                 | 24            | KV            | Høstaker                     | Sikring av bru v/Høstaker.   |
|                 | 25            | KV            | Høstaker                     | Utbetre siktsona ved avkøyrslø frå Fv.57 mot Høstaker.                     |
| <del>2021</del> | <del>26</del> | <del>KV</del> | <del>Alle</del>              | <del>Generelt vedlikehald av kommunale vegar.</del>                        |
|                 | 27            | KV            | Alle                         | Rydding av skog og kantslått for betre sikt.                               |
| KV 1            | 28            | KV            | Øvre Tveit                   | Rekkverk   |
|                 | 29            | KV            | Hatlemløbotn                 | Hatlemløbotn sikt punkt avkøyrslø-busskur                                  |

|      |    |                  |                                 |   |
|------|----|------------------|---------------------------------|---|
|      | 30 | KV               | Hyllestad kyrkje - Sæsolvg.     | Veglys  |
| 2021 | 31 | <del>KV 13</del> | Hyllestad skule                 | Veglys/lys Hyllestad skule og Hyllestadhallen   |
|      | 32 | KV 34            | Akse kryss - O.E. Akse          | Veglys  |
| KV 2 | 33 | KV 9             | Myklebustlia                    | Veglys  |
| 2021 | 34 | <del>KV</del>    | <del>Salbuøyra bustadfelt</del> | <del>Veglys</del>   |
| 1    | 35 |                  |                                 | Årleg trafikktryggingsmøte mellom fylkeskommune, trafikk-selskap (td. Firda), politi og Hyllestad kommune.            |
|      | 36 |                  |                                 | Årleg kampanje/informasjon til foreldre om transport av mindreårige i bil.  |
|      | 37 |                  |                                 | Følgje med barnehageborn og 6-åringar på buss den første skuleveka i året. Rett bruk av m.a. bilbelte i buss.         |
|      | 38 |                  |                                 | Ha plan for avviklinga av trafikk ved Hyllestad skule.  |
| 1    | 39 |                  |                                 | Skilting og merking i samsvar med skiltforskrifta ved utføring av kommunalt arbeid på vegane i kommunen.              |
| 1    | 40 |                  |                                 | Gras og skogrydding ved alle på og avstigningspunkt for skuleborn før skulestart.                                     |
|      | 41 |                  |                                 | Bilfri sone ved skulen i skuletida.   |
|      | 42 |                  |                                 | Opplæring i trafikktryggleik på fagplanen i skulen og barnehage.  |
|      | 43 |                  |                                 | Utdeling av refleksvest til alle born i barnehage og skule kvar haust.  |
| 1    | 44 |                  |                                 | Skogrydding langs FV/KV (sjå rapport etter synfaring)   |
|      | 45 |                  |                                 | Kontroll av sykklar/hjelm - årleg kampanje.   |
|      | 46 |                  |                                 | Etablering av gangveg/turveg Heggebøneset.  |
|      | 47 | FV               | -                               | <del>Lys ved busskur fleire stader i kommunen.</del>  |
| FV 2 | 48 | FV 5650          | Hovland - Risnes                | Sikring av murar på strekninga Hovland-Risnes, Hyllestad - Lireid   |
| FV 2 | 49 | FV 5650          | Hyllestad - Lifjorden           | Tiltak for å betre sikt på strekninga Hyllestad - Lifjorden, som til dømes kapping av busker osv. spesielt ved Lireid |
| FV 1 | 50 | FV 5655          | Salbu                           | Utbetring av Salbusvingen, inkludert gatelys  |
| 3    | 51 | FV 5655          | Salbukrysset - Sørbøfeltet      | Gang – og sykkelveg frå Salbukrysset til Sørbøfeltet.   |
| FV 1 | 52 | FV 5655          | Salbukrysset - Sørbøfeltet      | Veglys, treng fleire slik at det blir samanhengande   |
| FV 3 | 53 | FV 5655          | Sørbøvåg                        | Utbetre vegkryss ved Matkroken  |
| FV 2 | 54 | FV 5655          | Sørbøvåg                        | Gang og sykkelveg frå Øen Kyrkje og ned til butikken  |
| FV 3 | 55 | FV 5655          | Sørbøvåg                        | Opphøga gangfelt frå Sørbøfeltet til busslomme på motsatt side  |
| FV 3 | 56 | FV 57            | Ytre Bø                         | opphøga gangfelt frå Ytre Bøfeltet og til busskur   |
|      | 57 | FV 607           | Heggebøen                       | Fartsdempar ved innkøyrse til Heggebøfeltet (HOLA)  |
| FV 3 | 58 | FV 607           | Hyllestad sentrum               | ny og betre sikring rundt elva der den går under fotballbana  |
| FV 1 | 59 | FV 607           | Hyllestad sentrum               | Opphøga gangfelt ved SPAR/Inngang Svartedalen   |
| FV 1 | 60 | FV 607           | Hyllestad - Nesvegen            | Veglys  |
| FV 1 | 61 | FV 607           | Hyllestad sentrum               | Opphøga gangfelt ved Myklebustfeltet.   |
| FV 3 | 62 | FV 607           | Hyllestad sentrum               | Redusert fartssone gjennom Hyllestad Sentrum  |
| FV 3 | 63 | FV 607           | Hyllestad sentrum               | Gangveg til Nesvegen frå Kyrkja.  |
| FV 3 | 64 | FV 607           | Sørbøvåg - Hyllestad            | Generell utbetring av vegen frå Sørbøvåg til Hyllestad.   |
| FV 2 | 65 | FV 5650          | Hyllestad sentrum               | Autovern/sikring på veg ned mot sjøen under den grønne hytta ca 500 meter frå sentrum i retning Lifjorden.            |
|      | 66 | KV               | Ytre Bø                         | <del>«Barn leikar» skilt og 30-sone i vegen opp i Ytre Bø feltet.</del>   |
| 2021 | 67 | KV               | Utan stad                       | Meir fokus på brøyting og strøing på vinter   |
|      | 68 | KV 43            | Løland                          | Rekkverk Lølandsvegen, primært frå FV og forbi første sving   |



|      |    |                 |                              |   |
|------|----|-----------------|------------------------------|---|
| KV 1 | 69 | KV 5            | Hyllestad sentrum            | Veglys heilt ned til fjæra frå kommunehuset   |
| KV 1 | 70 | KV 5            | Hyllestad sentrum            | Gangveg heilt ned til fjæra frå kommunehuset  |
|      | 71 | KV 73           | Eide                         | Sving etter bustader på Eide retning Skivenes   |
| KV 1 | 72 | KV 8            | Hyllestad sentrum            | Gatelys i Svartedalen   |
|      | 73 | <del>KV 9</del> | <del>Hyllestad sentrum</del> | <del>Barn-leikar» skilt og 30 sone i Myklebustfeltet</del>                            |
| FV   | 74 | FV 607          | Heggebøen                    | Fartsdempar ved busskur på Heggebøen  |
| FV   | 75 | FV 607          | Heggebøen                    | Vegutbetring  |
| FV   | 76 | FV 607          | Staurdal                     | Vegutbetring  |
| FV   | 77 | FV 607          | Bråstad                      | Vegutbetring  |
| FV   | 78 | FV 57           | Leirvik - Nautsund           | Vegutbetring  |
| FV   | 79 | FV 5651         | Rysjedalsvika - Rysjedalsvåg | Vegutbetring  |
| FV   | 80 | FV 607          | Rysjedalsvika                | Plan for parkering, skilting og betre markering for kvar passasjerar skal bevege seg. |

Tiltak med gjennomstreking er utført, slått saman med andre liknande tiltak, eller overført til vegplanen. Tiltak nummerert med raud skrift er tiltak som kom inn under høyringsrunden i 2021. Tiltak som vert rullert inn seinare i planperioden vil bli markert med ny farge.

KV står for kommunal veg og talet syner prioritering frå 1 til 3.

FV står for fylkeskommunal veg og talet syner Hyllestad kommune si prioritering.





**Hyllestad**  
kommune

Kommunehuset  
6957 HYLLESTAD  
[www.hyllestad.kommune.no](http://www.hyllestad.kommune.no)

november 2021